



Programleiar Kristian Bringedal presenterar muskarane som vert betre for kvar gong!

Det som eingong var lever vidare, må konklusjonen bli etter kulturkafeen i eit nyopprusta Helgheim i kveld. Når musikklagets 12 reknast med møtte 60 til eit godt, gamaldags treff og det er all grunn til å bruka Burnes-strofa som overskrift. Kristian Bringedal var vi hadde nær sagt sjølvstapt krumtappen også denne gongen og musikklaget imponerer kvar gong. Karane har no ein snittalder på over 70 år men det er vår ærlege meining at dei vert betre for kvar konsert!



Bringedal presenterar kåsør Skogtun

Men det var ein annan som meir enn andre aktørar sto i fokus denne kvelden og det var John T. Skogtun som imponerte i eit halvtimelangt kåseri der minnene stod i kø. Kåseriet var ein munter blanding av alvor og skjemt. Han har jobba i 41 år hos Eidsvik og har et talent som går langt utover å vera verfsarbeidar. Ihaust runda han 67 år og vart pensjonist. Ein humrande gjenkjenning spreidde seg i salen - her kunne nokon kvar bekrefte opplysningane og hendingane, Kåsøren har utan tvil ein grunnlag for ei Uskedalsbok om tida som var og det må vel vera nokon som tek stafettpinnen?

Ellers møtte møtedeltakarane eit ungdomslag som i dei seinare åra har gjort ein stor jobb med Helgheim og hytta Fjelly sjølv om det skortar på ungdom i medlemslista.

Til dømes satt vi behageleg på stolar som saman med bord har kosta 170 000 kroner og utlodningen finansierte ei ny og solidare dør i hytta ved Mannsvatnet - til ein kostnad på 11 000 kroner.

Ei romsleg matøkt og utlodning hadde eit sosialt og avslappa preg og arrangementet bør gjentas. Allereie til hausten skjer det meir spennande i Helgheim - då skal det arrangerast ein god, gammaldags fest i huset. Då kjem lagsavisa Daltræk ut med ekstranummer og det vert spennande sceneinnslag!

TEKST OG FOTO: Ola Matti Mathisen



Trubadurane var også i aksjon